

Til: Fylkesutvalet, møte 8. april 2019

Oppdatering, Ningxia-samarbeid

Bakgrunn, om samarbeidet mellom Ningxia og Sogn og Fjordane:

Som kjent har Sogn og Fjordane fylke hatt ein vennsapsregion i Kina, Ningxia. Samarbeidet starta opp i 2003, og det var jamleg kontakt fram til 2010. I 2017 fekk fylkesordføreren brev frå Ningxia der ein ytra ynskje om å ta opp att vennsapsbanda mellom regionane, og dei ynskja å kome på besøk. I november 2018 fekk vi besøk av ein delegasjon frå Ningxia. Delegasjonen understreka at dei ynskjer å behalde Sogn og Fjordane som vennsapsregion – og ynskjer vidare samarbeid med nye Vestland. Besøket var vellukka, og dei besøkande verka godt nøgde.

Delegasjonssjef Mr. Zhang Huaiyi, Deputy Director-General av Foreign Affairs-kontoret i Ningxia, trakk fram Ungdomsaktivitet og ungdomsutveksling, utdanning, samarbeid innan sport, turisme/ reiseliv og næringsliv som aktuelle samarbeidsområde.

Vi er bedt på gjenvissitt til Ningxia, men fylkesutvalet har tidlegare avgjort at Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje høve til å prioritere dette i 2019, fram mot samanslåinga til Vestland fylke.

Vidare samarbeid:

Sogn og Fjordane er no invitert til å sende ungdommar på Ningxia Internasjonal Summercamp 5.-10. juli i år, og det er invitert fire elevar med ein vaksen følgjeperson (*senior High School students). Ningxia Foreign Affairs Office dekker transport og overnatting i Ningxia.

Vidare ynskjer Ningxia Sports Bureau òg å komme til Noreg i mai med ein delegasjon, for ei vennskapleg utveksling innanfor sport. Det er kinesiske kampsportar, bordtennis, Qigong, badminton og tennis som er hovudtema. Ningxia Foreign Affairs Office spør om vi kan dekke kostnadane til opphaldet her, og understrekar at dei ynskjer vi skal kome på gjenvissitt. Dei antydar òg at dette kan bli eit årleg opplegg. Jf. vedlegg.

UWC Røde Kors Nordisk er positive til vere vertskap under eit ev. slikt besøk, men dei ynskjer å vite om fylkeskommunen kan vere med å dele kostnadane. Dette er litt vanskeleg å prissette utan å vite kor mange personar og kor mange dagar. Kontaktpersonen frå Ningxia har ikkje talfesta delegasjonen, og om det er aktuelt, er det naturleg at det blir eit avgrensa tal.

Grovt rekna kostnadsoverslag frå UWC (10 personar, 5 dagar + aktivitetsprogram, 1 festmiddag): Om lag 75 000-80 000,-.

Fylkesrådmannen ber no FU vurdere om ein vil støtte eit slikt tiltak med eit beløp som nemnd.